



# Vedteken reguleringsplan

## Planid. 4648.202301

### Områderegulering Holmaneset – nytt planvedtak


Kommunestyret i Bremanger vedtok i møte 18. desember 2025, sak 049/25, å godkjenne områderegulering for Holmaneset, planid. 202301, på nytt. Planen opnar for etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset.

Reguleringsplanen vart godkjend av kommunestyret i Bremanger 20.03.2025, sak 003/25, men planvedtaket vart oppheva av Statsforvaltaren i Vestland 07.10.2025. Kommunestyret har no gjort nytt vedtak om godkjenning av områdereguleringsplanen, og planen vert difor kunngjort på nytt.

Planvedtaket blir med dette kunngjort i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Det vedtekne plankartet, føresegner, planomtale, planvedtaka og andre sentrale dokument i saka er lagde ut på servicekontoret på Rådhuset i Svelgen (Granden 4). Plandokumenta ligg også på heimesida til kommunen [www.bremanger.kommune.no](http://www.bremanger.kommune.no) og i det digitale planregisteret [www.arealplaner.no/4648/arealplaner/93](http://www.arealplaner.no/4648/arealplaner/93)

Planen omfattar området som er vist på kartutsnittet:



Fristen for å klage på vedtaket er sett til 29. januar 2026. Klager må vere skriftlege og sendast til Bremanger kommune, Pb. 104, 6721 Svelgen eller på epost til [post@bremanger.kommune.no](mailto:post@bremanger.kommune.no) Sjå elles meir informasjon om klage på reguleringsplan på heimesida til kommunen.